

Notat – nr. 5/2019

Lars J. Halvorsen og Finn Ove Båtevik

Resultat frå ei undersøking blant drivarar av Merkur-butikkane i 2019

Forfattar	Lars J. Halvorsen og Finn Ove Båtevik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Resultat frå ei undersøking blant drivaran av Merkur-butikkane i 2019.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjoner av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innhold

Forord	4
Om notatet	5
Om metoden og datamaterialet	5
Kjenneteikn ved butikkane i undersøkinga	6
Kjenneteikn ved drivarane	7
Tilleggstenester	10
Butikken og bygda	12
Endringar og utfordringar.....	13
Daglegvareomsetning.....	15
Kunnskapsbehov.....	17
Interesse for deltaking i utviklingsprosjekt	20
Betydninga av Merkur-konsulentane.....	21
Når butikken har fått ekstra oppfølging.....	22
Tilbakemeldingar og forbettingsforslag	23
Kjelder:	24
Vedlegg: Spørreskjema.....	25

Forord

Notatet er utarbeidd av Høgskulen i Volda på oppdrag frå Kompetansesenter for distriktsutvikling – Distriktsenteret, og gir ei oppsummering av funn frå ei spørjeundersøking blant drivarar av butikkar som er med i Merkur-programmet. I tillegg til forfattarane har Kristian Rindheim vore med på datainnsamlinga i prosjektet. Drivarane skal ha ein stor takk for å ha tatt seg tid til å svare på spørjeskjemaet i ein elles svært travel kvar dag.

Ingvill Dahl og Aina Sofie Brox har vore våre kontaktpersonar ved Distriktsenteret. Vi vil takke dei begge to, og dei andre som arbeidar med Merkur-programmet for eit godt og konstruktivt samarbeid.

Lars Julius Halvorsen (prosjektleiar)

Finn Ove Båtevik

Volda 1. oktober 2019

Om notatet

Notatet er utarbeidd av Høgskulen i Volda på oppdrag frå Kompetansesenter for distriktsutvikling – Distriktsenteret. Distriktsenteret overtok første januar forvaltninga av Merkur-programmet (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane). Distriktsenteret er i gang med ein prosess der dei vurderer korleis dei skal utvikle programmet vidare. Notatet inngår i kunnskapsgrunnlaget for dette arbeidet. Det gir ei oppsummering av funn frå ei spørjeundersøking blant drivarar av butikkar som er med i Merkur-programmet, og gir ein dokumentasjon av empirien samla inn gjennom undersøkinga. Felles for desse butikkane er at dei har ein nærmarknad på under 200 husstandar, ligg på stadar utan fast vegsamband, eller som normalt har minimum 10 kilometer til nærmeste alternative daglegvarebutikk.¹ Merkur-programmet er elles tidlegare evaluert fleire gonger, seinast for fem år sidan (Halvorsen og Båtevik, 2014), og utviklinga til desse butikkane er mellom anna omtalt i Rasmussen (2017).

Om metoden og datamaterialet

Data er samla inn i løpet av sommaren 2019. Det blei sendt ut eit spørjeskjema via internett. Skjemaet vart sendt til alle drivarar av Merkur-butikkar i heile landet. Aktuelle butikkar vart identifisert på grunnlag av registeropplysningar som Merkur disponerer. Det er gjennomført ei oppfølging av fleire butikkar over telefon, delvis for å få avklare om butikken framleis var i drift, delvis for å nå fram til butikkar som av andre grunnar ikkje hadde sendt inn svar. Ettersom undersøkinga vart gjennomført om sommaren, ein travel periode for mange butikkdrivarar, gjekk innsamlinga føre seg over ein relativt lang periode.

Det kom inn svar frå i alt 268 butikkar, men 13 av disse har hatt tekniske problem og fekk ikkje fylt ut heile skjemaet. Det er såleis i praksis snakk om 255 butikkar som har fylt ut heile eller store delar av skjemaet. Tilbakemeldingar undervegs i datainnsamlinga tyder på at den reelle populasjonen utkantbutikkar som var i drift og aktive i Merkur-programmet sommaren 2019, var 551. Gjennom undersøkinga har vi såleis fått tilbakemeldingar frå 46 % av alle drivarane av Merkur-butikkar i Noreg.

¹ <https://www.merkur-programmet.no/kven-kan-delta>

Kjenneteikn ved butikkane i undersøkinga

Figur 1:


Det er i gjennomsnitt 133 hushald i nærområdet til dei Merkur-butikkane som har sendt inn svar på undersøkinga.

I gjennomsnitt er avstanden til nærmeste daglegvarebutikk 15,3 kilometer.


Figur 2:

Om lag kvar femte Merkur-butikk er ein såkalla folkebutikk, altså ein butikk som er eigd av «bygda». I slike tilfelle involverer befolkninga i bygda seg økonomisk i butikken, anten i drifta, bygget eller begge delar. Det siste er det mest vanlege.

Figur 1: Hushald i nærområdet og avstand til nærmeste butikk (N=265)



Figur 2: Folkebutikkar og andre (N=265)



Kjenneteikn ved drivarane

Figur 3:

Eit klart fleirtal av butikkdrivarane som har svart på spørjeskjemaet er kvinner (65 prosent), noko som langt på veg samsvarar med fordelinga blant Merkur-butikkane elles (Rasmussen, 2017).

Innslaget av kvinner er likevel litt større blant dei som har svart i denne undersøkinga, enn i undersøkinga til Rasmussen.

Figur 4:

Fleirtalet av butikkdrivarane har passert 50 år (57 prosent).

Figur 5:


Det er likevel nyrekrytting til drivarstanden. I tillegg til at den yngste drivaren i materialet er tidleg i 20-åra, ser vi at kvar fjerde drivar (26 prosent) har hatt posisjonen i 5 år eller mindre. Samstundes er det mange drivarar med lang fartstid og erfaring. I alt 30 prosent av drivarane har hatt ansvar for butikken i meir enn 20 år.

Figur 6:


Meir enn to tredjedelar (68 prosent) hadde butikkerfaring då dei tok til i jobben som butikkdrivar. Samstundes manglar nesten ein av tre som startar i bransjen erfaring frå bransjen i det heile. I dette ligg det eit helt klart behov for påfyll av kompetanse.

Figur 7:


Det er grunn til å tolke figur 7 som uttrykk for at mange butikkdrivarar har eit behov for fagleg påfyll. Eit klart fleirtal manglar formell utdanning retta mot butikkfaget.




Figur 4: Alder på drivar - prosent (N=266)




Figur 5: Tal år som drivar (N=261)



Figur 6: Erfaring med butikkdrift ved overtaking (N=266)



Figur 7: Utdanningsbakgrunn drivar (N=267)




Tilleggstenester

Figur 8:


Tilleggstenestene er viktige for Merkur-butikkane. Dei kan gi direkte inntekter. Dei kan også gi auka omsetning av daglegvarer ved at fleire kjem innom butikken i ulike ærend, og av den grunn også handlar daglegvarer der. I tekstsvara uttrykte ein av drivarane det slik: "Ein bygdebutikk kan aldri overleve berre ved å tilby matvarer". Tal tilleggstenester ligg i 2019 langt over det som var registrert ved evalueringa av Merkur i 2014 (Halvorsen og Båtevik, 2014, s. 46). I 2014 var det ein av fire butikkar som var registrerte med fem tilleggstenester eller meir. I 2019 er det nesten to av tre som har minst fem slike tenester. Det må her nemnast at kaffekrok ikkje var med i registreringa i 2014. Sjølv viss vi held kaffikrok utanfor, har om lag fire av ti utkantbutikkar fem tilleggstenester eller meir. Nokre av forskjellane mellom 2019 og 2014-tala kan skuldast betre oppdaterte register over slike tenester. Utvikling av tenestene har vore eit satsingsområde frå Merkur, og det er rimeleg å anta at tala reflekterer at det har skjedd ein markant auke i omfanget av tilleggstenester.

Figur 9:

I tillegg til kaffekrok, har ein stor del av butikkane tipping og apotekutsal. Vidare har nesten halvdelen av butikkane drivstoffutsal, noko som ligg langt over det som var registrert i 2014 (Halvorsen og Båtevik, 2014, s. 45). Truleg er Merkur sin støtteordning for etablering av drivstoffutsal ein viktig del av forklaringa på denne utviklinga. Elles syner tala at det er stor breidde i tilleggstenestene blant butikkane.



Figur 9: Andel butikkar med ulike tilleggstenester



Butikken og bygda


Figur 10:

Samspelet mellom butikken og bygda er avgjerande for utviklinga av små butikkar i små samfunn. Dette viser den nyaste evalueringa av Merkur-programmet (Halvorsen og Båtevik, 2014), men er også trekt fram som viktig i andre samanhengar (Sjå til dømes Båtevik, Halvorsen & Aarflot, 2007; Halvorsen og Båtevik, 2016). Det at kvar femte Merkur-butikk er folkebutikk, er i høgste grad eit uttrykk for dette.

Samspelet mellom butikken og bygda kjem til uttrykk på fleire måtar, slik figur 8 viser:

- Det kjem tydlegast til syne gjennom det tette samarbeidet mellom butikkane og lokale organisasjonar. Halvparten av butikkdrivarane opplever at butikken i stor grad fungerer som ein aktiv samarbeidspart til desse. Det er svært få drivarar som gir uttrykk for at dette samspelet er lite eller fråverande.
- Den sentrale velferdsoppgåva for mange butikkar, er å tilby ulike former for hjelp til dei som treng litt ekstra oppfølging, særleg eldre. Mange av drivarane gir uttrykk for at dette er ei viktig side ved samspelet mellom butikken og lokalsamfunnet
- Samtidig opplever mange av drivarane at butikkane har ei viktig rolle opp mot både lokalt reiseliv og lokalt næringsliv generelt, sjølv om det også er ein del drivarar som gir uttrykk for at deira butikk ikkje har ei like viktig rolle på dette feltet
- Samspelet mellom kommunen og butikken er mindre utvikla. Dette har vore tematisert også i tidlegare undersøkingar (Båtevik et al, 2007; Halvorsen og Båtevik, 2014). Merkur har arbeidd aktivt på dette området, og nokre plassar har ein tydelegvis kome i eit godt stykke på veg, i og med at såpass mange som 41 prosent av drivarane opplever at dei i stor (11 prosent) eller i nokon grad (30 prosent) har ein kommune som støttar opp om butikken.

Figur 10: Påstandar: Samspel mellom lokalsamfunnet og butikken



Endringar og utfordringar

Figur 11:


Mange Merkur-butikkene har ein krevjande marknadssituasjon. Den lokale marknaden er liten for alle butikkane. Det store biletet viser også velkjende utfordringar for utviklinga til Merkur-butikkane.

- Konkurransen i daglegvarehandelen er hard, og mange av butikkane (55 prosent) opplever at dette har medverka til å svekke grunnlaget for drifta også dei fem siste åra
- Utviklinga av internett er også ei utfordring, ei utfordring som særleg råkar ei viktig tilleggsteneste for mange butikkar; tippetenester
- I tillegg er det mange småsamfunn som opplever nedgang og forgubbing i befolkninga. Dette påverkar kundetilgangen
- Førre figur viste at samspelet med bygda er viktig for butikkane. Det er difor eit faresignal når 30 prosent av drivarane opplever at lojaliteten hos bygdefolket blir svekka, medan berre 11 prosent opplever at det går i positiv lei
- Vidare er det fleire utfordringar som verkar negativt for nokre butikkar, inkludert oppslutninga frå kommunen om butikken. Sjølv om dette som nemnt er eit satsingsområde frå Merkur, gir fleire kommunar uttrykk for at dei ser ei negativ utvikling på dette området (15 prosent), mot dei som opplever det motsette (5 prosent)

Det er særleg på to område butikkane har styrka grunnlaget for drifta:

- Hytte- og fritidsbefolkninga betyr stadig meir for drifta av butikken. Det same gjeld turisttrafikken. Også dette er i samsvar med utviklingstrekk som er dokumentert tidlegare (jf. Halvorsen og Båtevik, 2014)

Figur 11: Endringar som har påverka drifta i perioden frå 2014 og til 2019



Daglegvareomsetning

Figur 12:


Det er stort spenn i daglegvareomsetninga mellom butikkane. Medan nærare fjerdedelen (23 prosent) har ei omsetning på over 10 millionar kroner, er det 16 prosent som har ein omsetninga på 3 millionar eller mindre. Om vi deler gruppa i to, kan vi seie at halvdelen har ei omsetning på inntil 7 millionar, medan den andre halvdelen tener meir enn dette.

Figur 13:


Som vi alt såg av figur 9, endrar rammevilkåra seg for drifta, både i negativ og positiv lei. I tillegg kan ulike sider ved drifta også endre seg, både med auke og nedgang i omsetninga. Det positive er at meir enn tre av fire (77 prosent) av butikkane anten har om lag den same eller høgare auke i daglegvareomsetninga enn prisutviklinga.

Figur 14:


Det er ein tydeleg samanheng mellom kor stor omsetninga til butikkane er og kor mange butikkar som tener pengar. Ikke overraskande er det dei med størst omsetning som også har størst sjanse for driftsoverskot. Samtidig er det rom for å sikre overskot for mange av dei minste butikkane (60 prosent), medan også enkelte av dei større ser ut til å slite meir økonomisk (19 prosent). Dette syner at mange andre forhold enn storleiken på daglegvareomsetninga påverkar overlevingsevna, og det er nettopp i dette «landskapet» Merkur definerer rolla si.



**Figur 13: Endring i omsetninga av daglegvarer
(N=247)**



Figur 14: Andel butikkar som har hatt driftsoverskot alle eller fleste av dei fem siste åra etter omsetning (N=255)



Kunnskapsbehov

Figur 15:

Kunnskap er nettopp eit slik område der Merkur kan medverke til å styrke butikkane. Vi har tidlegare sett tilbakemeldingar frå butikkdrivarane som tydar på manglar i den formelle kompetansen retta mot butikkdrift.

Det å drive nærbutikk krev ein breiddekompetanse, som inkluderer alt frå kompetanse med tanke på å medverke til å utvikle samspelet med bygda, til å utvikle tilleggstenester og til meir spesifikt butikkfagleg kompetanse. Rett nok har mange av drivarane lang erfaring, og slik sett mykje realkompetanse, men det er også ein god del nye drivarar. Oppgåva til Merkur er å medverke til å utvikle kompetansen til både nye og røynde kjøpmenn på fleire og til dels svært ulike felt.

Undersøkinga viser klart at det er eit stort behov for meir kompetanse på eit breitt spekter av områder. For kvart kompetanseområde som er lista opp i figur 13, gir pluss/minus halvdelen av drivarane utrykk for eit stort behov for påfyll av kompetanse.

På oppfølgingsspørsmål om det er andre tema drivarane treng meir kunnskap og om det er andre måtar dei kan tenke seg kunnskapspåfyll på, kom det derimot fram svært få konkrete forslag.


Figur 16:

Dei årlege besøka frå Merkur-konsulenten blir høgt verdsett. Meir enn ni av ti (91 prosent) vurderer denne forma for kunnskapspåfyll som svært god eller god. Også anna tett oppfølging i gjennomføring av prosjekt fungerer godt som læringsform. I tillegg er det mange som gir uttrykk for at fysiske samlingar over ein dag, og besøk hos andre butikkar er viktige former for kunnskapspåfyll. Det er derimot mindre interesse for meir formelle og langvarige opplæringsopplegg, sjølv om det enkelte også ser nytten av dette.


Figur 17-18:

Mange små samfunn har med tida endra preg til å vere like mykje fritidssamfunn som heiltidssamfunn. Turistar og hyttefolk utgjer ofte ein stor del kundane. Dette viser også att i fleire av svara frå butikkdrivarane. Dermed blir feriane, særleg sommaren ein travel periode for mange av butikkane. Det gjer at mange av drivarane ønskjer at kurs, opplæring og Merkur-samlingar blir lagt seint på hausten eller tidleg på nyåret. Desse ønskja er særleg knytt til den aktiviteten som betyr at drivarane sjølve må reise frå butikken. Dei er i større grad opne for besøk av Merkur-konsulentane på andre tider, sjølv om fleire naturleg nok føler at dei har størst rom for slike besøk i dei periodane som ligg utanfor det som er den travlaste tida for mange butikkdrivarar. Sesongvariasjonane vil vere klart større for nokre butikkar enn andre, så her, som så ofte elles, vil lokalkunnskapen til Merkur-konsulentane og godt skjøn vere gode ledestjerner.


Figur 15: Vurdering av kor stor nytte drivarane kan ha av meir kunnskap på utvalde område - prosent




Figur 16: Vurdering av kor godt ulike måtar å legge til rette for kunnsskapspåfyll passar for drivar - prosent



Figur 17: Tidspunkt som passar best for opplæring og besøk



Figur 18: Tidspunkt som passar dårligast for opplæring og besøk




Interesse for deltaking i utviklingsprosjekt

Figur 19:

I tillegg til at mange av drivarane er interessert i påfyll av ny kunnskap, er interessa for å bli involvert i utviklingsprosjekt stor. Dette gjeld eit breitt spekter prosjekt. Igjen står arbeid knytt til å utvikle samspelet mellom butikken og bygda høgt på agendaen. Det gjeld ikkje minst behovet for å utvikle butikken som ein møteplass, men også å utvikle samarbeidet med næringslivet og med det lokale reiselivet. Samarbeidet med kommunen, som det ser ut til at mange butikkar framleis slit med (jf. tidlegare kommentarar), er også høgt prioritert.

Av prosjekt knytt til utvikling av sjølve butikken er også interessa rimeleg stor, størst med tanke på marknadsføringssamarbeid, noko mindre på sjølvbetjeningsløysingar. Det kom svært få forslag til andre typar utviklingsprosjekt.

Figur 19: Interesse for å delta i utviklingsprosjekt på ulike område




Betydninga av Merkur-konsulentane²

Figur 20:

Vi har alt sett at dei aller fleste butikkdrivarane ser oppfølginga frå Merkur-konsulentane som viktige for utvikling av eigen kunnskap. Figur 18 viser at dei ser bistanden som særleg relevant for å realisere konkrete tiltak og styrke lønnsemada til butikken. Dette er på mange måtar ein variabel som fangar opp breidda i det arbeidet konsulentane driv, og som relaterer til sjølvre målsetjinga bak arbeidet til Merkur; å sikre overlevinga til butikkane.

Når ein konkretiserer dette til bestemte innsatsområde, er det særleg det som handlar om samspelet mellom butikken og bygda, at drivarane ser bistanden som frå Merkur-konsulenten som avgjerande. Det er færre som ser at konsulentane har hatt ei avgjerande rolle for å kome samspel med kommunen eller faktisk å få lokalbefolkinga til å bidra til butikken økonomisk eller til dugnad. Korleis ein skal tolke det siste, kan drøftast. Det må mellom anna sjåast i samanheng med kor mange tilfelle det faktisk har vore reelle prosessar for å etablere folkebutikkar (reise eigenkapital frå lokalsamfunnet). Vi veit også at prosessane med å få kommunane på laget ofte blir opplevd som tunge i mange tilfelle (Halvorsen og Båtevik, 2014). Slik sett kan man tolke det at meir enn halvdelen av respondentane gir ei positiv tilbakemelding på Merkur sitt bidrag til å få kommunen til å støtte opp om butikken, som eit uttrykk for at konsulentane har gitt eit viktig bidrag inn mot eit område der det går seint å få til løysningar.

Figur 20. Svar på påstandene: Bistanden frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å:




² Alle som har sagt at den aktuelle forma for bistand ikkje er relevant for butikken, er haldne utanfor denne delen av analysen. Derfor er N mindre her, jamført med fleire av dei andre figurane.

Når butikken har fått ekstra oppfølging


Figur 21-22:

Det er 30 prosent av butikkane som har hatt ekstra oppfølging dei fem åra som har gått frå 2014 og fram til sommaren 2019. Denne oppfølginga har først og fremst vore viktig for overlevingsevna til butikkane. Samtidig blir det gitt uttrykk for at den har gitt auke i handelen, ofte det som her blir sagt å vere ein markant auke. Dette understrekar, på same måte som figur 18, at innsatsen frå Merkur-konsulentane er viktig for å sikre vidare drift i butikkane. I tillegg har den ekstra innsatsen også i ein del tilfelle greidd å sikre ei sterkare involvering frå kommunen og lokalbefolkinga. Der det har vore relevant, har Merkur-konsulentane ofte også spelt ei viktig rolle for å få nye drivrarar på plass.

Figur 21: Har butikken hatt ekstra oppfølgjing
frå Merkur-konsulenten etter 1. januar 2014?



Figur 22: Svar på påstandane: Den ekstra oppfølginga
frå Merkur-konsulenten har



Tilbakemeldingar og forbettingsforslag

Drivarane vart oppfordra til å gje opne tilbakemeldingar på kva som fungerte godt ved programmet og å komme med forslag til forbetringar. På begge desse spørsmåla fekk vi meir enn 100 svar. På spørsmålet om kva som fungerte godt, vart det særleg peika på det å treffe kollegaer og å utveksle erfaringar, samt det som handla om det faglege innhaldet knytt til butikkdrift. Om lag halvparten av kommentarane bestod av generell ros til programmet og konsulentane.

På spørsmålet om forslag til endringar svarar meir enn 50 driverar at dei anten er nøgde eller at dei ikkje har forslag til endringar. Av forslaga til endringar, handlar den største gruppa (25) om organiseringa av samlingane, og nesten like mange (20) om forslag til endringar i innhaldet. Av desse peikar sju driverar på eit behov for fornying. Nokre få peikar også på at støtteordningane bør utvidast slik til å femne deira butikk.

Våre funn tydar samla sett på at driverane er svært nøgde med programmet som det er.

Kjelder:

- Båtevik, F. O, Halvorsen, L. J, Aarflot, U (2007). *Små butikkar, store utfordringar – nærbutikken som utviklingsaktør i små samfunn*. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Halvorsen, L. og Båtevik, F. O. (2014). *Merkur leker ikke butikk. Resultateffektivitet og forvaltningseffektivitet ved KMDs satsing på utkantbutikker*. Volda: Møreforskning.
- Halvorsen, L. og Båtevik, F. O. (2014). *I samme båt og øser for livet - forholdet mellom lokalsamfunnet og de minste dagligvarebutikkene*. I Villa, M. og Haugen M.S. (Red.) Lokalsamfunn (s.198-215). Oslo: Cappelen Damm.
- Rasmussen, P. G. (2017). *Distriktsbutikken – bygdas eneste vareformidler og naturlige møteplass*. Oslo: Institutt for bransjeanalyser AS.

Vedlegg: Spørreskjema

Høgskulen i Volda har fått i oppdrag av Distriktsenteret å gjennomføre ei brukarundersøking blant kjøpmenn som deltar i Merkur-programmet. Målet med undersøkinga er å få ei oversikt over dykkar behov for kompetanse og rettleiing for å få til lønnsam butikkdrift og styrke butikken sin rolle i bygda. Resultata frå undersøkinga vil bli brukt som kunnskapsgrunnlag for å betre tilpasse Merkur sitt utviklingsprogram til desse behova.

Vi ber deg som butikkdrivar om å svare på spørsmåla. Undersøkinga vil ta ca. 15 min.

Opplysningane vi samlar inn vil bli behandla konfidensielt og vil berre være tilgjengelege for prosjektgruppa ved Høgskulen i Volda.

Takk for at du tar deg tid til å delta i denne undersøkinga!

Vi begynner undersøkinga med nokre spørsmål om deg og din bakgrunn.

Kva er namnet på butikken?

Kva er ditt kjønn?

- (1) Mann
- (2) Kvinne

Kva er din alder?

- (1) 20-24 år
- (2) 25-29 år
- (3) 30-34 år
- (4) 35-39 år
- (5) 40-44 år
- (6) 45-49 år
- (7) 50-54 år
- (8) 55-59 år
- (9) 60-64 år
- (10) 65 år eller eldre

Kva slags utdanning har du? Her vil vi vite den høgaste utdanninga du har. Viss du har fleire utdanningar på same nivå, til dømes vidaregåande utdanning studieretningsfag og fagbrev som bakar, vil vi at kryssar av for den mest relevante utdanninga(fagbrev som bakar i dette dømet)

- (1) Fullført ungdomsskule
- (2) Fullført vidaregåande utdanning merkantile fag
- (3) Fullført vidaregåande utdanning studieretningsfag
- (4) Fullført fagbrev
- (7) Fullført bachelor i daglegvareøkonomi, anna økonomi, administrasjon eller liknande
- (5) Fullført master i daglegvareøkonomi, anna økonomi, administrasjon eller liknande
- (6) Fullført anna treårig høgskule- eller universitetsutdanning
- (8) Fullført anna femårig eller lengre høgskule- eller universitetsutdanning
- (9) Anna _____

Kva år starta du som driver av butikken?

- Hadde du erfaring frå butikkdrift da du tok over butikken?**
- (1) Nei
 - (2) Ja, eg hadde erfaring som medarbeidar i daglegvarebutikk
 - (3) Ja, eg hadde erfaring som drivar av anna daglegvarebutikk
 - (4) Ja, eg hadde erfaring som drivar innafor anna detalvjarehandel

Nå kommer nokre spørsmål om butikken og lokalsamfunnet den ligger i.

Vi vil gjerne vite litt meir om nokre kjenneteikn ved lokalsamfunnet der butikken ligg. I kva grad stemmer følgjande for butikken din? Butikken ligg på ein stad som er prega av:

	I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Ikkje i det heile
Fritidsbustader/hytter	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Anna turisttrafikk	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Eit lokalt næringsliv som støttar aktivt opp om butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Ei befolkning som støttar aktivt opp om butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Ein kommune som støttar aktivt opp om butikken?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

I kva grad stemmer følgjande for butikken din? Butikken utgjer:

	I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Ikkje i det heile
Ein «sentral» som tilbyr ekstra hjelp til eldre og andre i lokalsamfunnet som treng særleg hjelp	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Ein aktiv samarbeidspart til lokale lag og organisasjonar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Ein aktiv samarbeidspart med lokal reiselivsnæring	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Ein aktiv samarbeidspart med anna lokalt næringsliv	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

Opplever du at følgjande forhold har endra seg på ein måte som har påverka grunnlaget for drifta av butikken i tida etter 1.januar 2014?

	Ja, her har det skjedd endringar som har svekka grunnlaget for drifta av butikken	Nei, grunnlaget for drifta endringar som har styrka er om lag som før	Ja, her har det skjedd grunnlaget for drifta av butikken
Folketalsutviklinga i bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Utviklinga i hytte- og fritidsbefolkinga i bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Turisttrafikken elles	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Næringsutviklinga i bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Vilkåra frå kjeden	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Vilkåra frå Posten	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Utviklinga med handel på internett	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Tippetenester via internett	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Arbeidspendling ut frå bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Konkuransen frå større butikkar utanfor bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Lojaliteten hos bygdefolket	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Kommunen si oppslutning om butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Kommunen sin innkjøpspraksis	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>

Kva var butikken sin daglegvareomsetning i 2018

- (1) 3 millioner kr eller mindre
- (2) Mellom 3 og 7 millioner kr
- (3) Mellom 7 og 10 millioner kr
- (4) Meir enn 10 millioner kr

Korleis har utviklinga i omsetning av daglegvarer endra seg desse fem åra?

- (1) Daglegvareomsetninga har auka meir enn prisutviklinga
- (2) Daglegvareomsetninga har om lag følgt prisutviklinga (+/- 2 % for perioden)
- (3) Daglegvareomsetninga har auka mindre enn prisutviklinga

Kva kjenneteiknar den økonomiske delen av butikkdrifta dei siste fem åra (2014 til og med 2018)?

- (1) Butikken har hatt driftsoverskot kvart år
- (2) Butikken har hatt driftsoverskot dei fleste åra
- (3) Butikken har hatt driftsunderskot dei fleste åra
- (4) Butikken har hatt driftsunderskot kvart år
- (5) Butikken har ikkje vore i drift alle dei siste fem åra
- (6) Anna _____

Nå vil vi stille deg nokre spørsmål om dine behov for kunnskap og faglig påfyll og korleis du meiner vi bør innrette tilboda våre.

Nedanfor har vi lista opp nokre tema. Vi ber deg om å vurdere kor stor nytte du ville ha av å få meir kunnskap om kvart av dei.

	Stor nytte	Liten nytte	Ingen nytte	Noko nytte
Økonomistyring	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Markedsføring	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Kundepleie	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Vareutvalg	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Trender	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Butikkledelse	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Tilleggstjenester – innhold og prissetting	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Offentlige innkjøp	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Dialog og kontakt med lokalsamfunnet	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Dialog og kontakt med folkevalgte og kommuneadministrasjon	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

Er det andre tema du treng meir kunnskap om?

Her er vi interessert i å få vite meir om kva tidspunkt som passer godt og mindre godt for deg å delta i ulike aktiviteter i regi av Merkurprogrammet:

Tidspunk	Januar	Perioden	Perioden	Mellom	Mellom	haustferi	Frå	Frå
tet har	og fram	frå	frå påska	St.Hans	skolestar	en til	midten	midten
ikkje stor	til	vinterferi	til	og	t og	midten	av	av
betydnin	vinterferi	en til	til	skolestar	haustferi	av	novembe	novembe
g	en	påska	St.Hans	t	en	novembe	r til	nyttår

Kva tid passar det best å delta
på kurs og opplæring?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kva tid passer det dårligast å
delta på kurs og opplæring?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kva tid passer det best å delta
på regionale Merkursamlingar?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kva tid passer det dårligast å
delta på regionale
Merkursamlingar?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kva tid passar det best å få
årlege besøk av den
Merkurkonsulenten?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kva tid passer det dårligast å få
årlege besøk av
Merkurkonsulenten?

- (1) (2) (3) (4) (5) (6) (7) (8)

Kor godt passar det for deg å få kunnskapspåfyll på følgjande måtar:

	Svært godt	Godt	Verken godt eller dårlig	Dårlig	Svært dårlig
Fysiske samlingar over ein dag?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fysiske samlingar over fleire dagar?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Nettbaserte undervisningsopplegg?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Kombinasjon av fysisk samling og nettbasert opplæring?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Årlege besøk av Merkurkonsulenten?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Anna oppfølging knytt til prosjekter i butikken?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Besøk hos andre butikkar?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Kurs i regi av kjeden butikken tilhøyrar?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Studiar i regi av høgskolar og universitet?	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

Er det andre måter du kan tenke deg å få kunnskapspåfyll?

Merkurprogrammet har gjennomført ei rekke prosjekt der deltakarane får støtte til utvikling av eigen butikk. I kva grad vil du være interessert i å delta i eit slikt utviklingsprosjekt på nokon av de følgjande områda:

	I stor grad	I nokon grad	I liten grad
Marknadsføringssamarbeid	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Samarbeid med kommunen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Utvikling av butikken som bygdas møteplass	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Samarbeid med næringslivet	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Reisemålsutvikling	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Butikkdesign	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Sjølvbetjeningsløysingar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>

Har du forslag til andre tema for slike utviklingsprosjekt?

Nå kommer nokre åpne spørsmål om dine vurderingar av Merkur sitt hovudprogram og dei regionale Merkursamlingane.

Kva fungerte godt ved hovudprogrammet?

Korleis kan hovudprogrammet bli betre?

Kva fungerar godt ved regionale Merkursamlingar?

Korleis kan regionale Merkursamlingar bli betre?

Det siste temaet for undersøkinga er dine erfaringar med besøk frå den regionale merkurkonsulenten.

Nedanfor ber vi deg ta stilling til nokre påstandar om dei årlege besøka frå Merkur-konsulenten:

	Heilt einig	Delvis einig	Korkje einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	Ikkje relevant
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å realisere konkrete tiltak for å styrke lønnsemda til butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å utvikle samspelet mellom butikken og bygda	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å mobilisere lokalsamfunnet til økt handel i butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å mobilisere lokalsamfunnet til dugnadsinnsats for butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å få lokalsamfunn/grendelag til å gi økonomisk støtte eller gå inn med eigenkapital i butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å få kommunen til å støtte opp om butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Bistanden eg har fått frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å få kjeder og samarbeidspartar til å støtte opp om butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

Har den regionale Merkur-konsulenten gitt ekstra oppfølging av butikken etter 1.januar 2014 i samband med ekstraordinære tilhøve som eigarskifte, økonomiske kriser eller liknande.

- (1) Ja
(2) Nei
(3) Veit ikkje

Nedanfor ber vi deg ta stilling til nokre påstandar om den ekstra oppfølginga frå din regional Merkurkonsulent:

	Heilt einig	Delvis einig	Korkje einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	Ikkje relevant
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å finne fram til nye drivrarar av butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har vore avgjerande for å sikre overlevnaden til butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har resultatert i markant auka handel i butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har fått lokalsamfunnet til å gjere omfattande dugnadsinnsats for butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har fått lokalsamfunn/grendelag til å gi økonomisk støtte eller gå inn med eigenkapital i butikken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Den ekstra oppfølginga frå Merkur-konsulenten har fått kommunen til å støtte butikken økonomiske eller med betalte oppgåver	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

Takk for din hjelp med undersøkinga!